

Trygg og  
framtidsetta



Ressursteam



Time kommune



# TVERRFAGLEG SAMARBEID.

## Ressursteam.

I arbeidet med barn og unge skal Time kommune sin visjon «Trygg og framtidsretta» vera ei rettesnor for arbeidet.

Alle skular og barnehagar skal ha tverrfaglege ressursteam, og det er vedtatt politisk at ein skal arbeida tverrfagleg til beste for barn. I alle avgjerder som får konsekvensar for eit barn, skal dei vaksne alltid ta omsyn til kva som er til beste for barnet. (Jf FN sin konvensjon om barnet sine rettar.)

I stortingsmelding 16 ..» Og ingen stod igjen..» er den bærande budskapet at tiltak skal setjast inn så raskt som mogleg etter at problem og utfordringar er oppdaga. Dette gjeld i alle opplæringsfasar, frå førskulealder til vaksen. Målet er å gje rett hjelp til rett tid på rett stad

Foreldreperspektivet må ha fokus i ressursteamarbeidet. Utgangspunktet til dei som skal hjelpa, må vera at foreldre ønskjer det beste for barna sine. Dei er også dei viktigaste endringsaktørane i barn sine liv, og skal ein kunna gje hjelp til barn, må foreldra vera med.

Tanken om at den/dei som oppdagar at eit barn treng hjelp, har ansvar for å fylgja det opp og å ikkje sleppa barnet før endring skjer, står sterkt. Den som skal hjelpa barnet, må sjå på seg sjølv som *stafetthaldar* – og ikkje sleppa barnet før stafettpinnen er levert vidare.

Det tverrfaglege arbeid skal ha fokus på:

- Tidleg innsats – Barn skal få hjelp fort når eit problem oppstår ( «Ikkje venta å sjå»)
- Krysskompetanse – fleire fagpersonar er med og bidrar til å hjelpa barn som har utfordringar
- Dei tre R`ane: rett hjelp, rett tid, rett stad
- Visjonen «til beste for barnet» skal vera styrande i alle hjelpetiltak som blir sett i gang
- Foreldre/føresette er ein del av samarbeidet så tidleg som mogleg
  
- Stafetthaldar – den som set i gang eit hjelpetiltak, kan ikkje sleppa arbeidet før det er klart kven som skal ta over arbeidet
  
- Å betra oppvekstmiljøet generelt

For å kunna nå måla, skal alle skular og barnehagar ha ressursteam, og Barnevern, PPT og Helsestasjon må møta i ressursteama. Helsestasjonen har eige ressursteam for barn som ikkje går i barnehage. På Familiesenteret er det eit eige ressursteam for barn (0-6år) av psykisk sjuke foreldre og/eller med foreldre som misbruker rusmiddel. (Eigen brosjyre)

### **Kven deltar i ressursteam.**

- Sosiallærer/styrar og rektor
- Representant frå barnevern
- Representant frå PPT
- Representant frå helsestasjon
- Andre kan kallast inn ved behov: familiesenter, lege, fysio/ergo/BUP/SLT mm

### **Organisering**

- Oppvekst lagar årleg møteplan i mai/juni. Møta skal prioriterast
- Møta vert haldne på den enkelte skule/barnehage
- Skulen/barnehagen er ansvarlege for møta
- Føresette skal delta på møta
- Skule, barnehage, deltakarar i ressursteamet og føresette kan melda saker

### **Oppgåver for ressursteamet.**

- Ha møte etter oppsett plan i skular, barnehagar og på helsestasjonen.
- Vera eit tverrfagleg forum som kan støtta foreldre og skule/barnehage.
- Bruka tverrfagleg kompetanse for å sikra at barn/føresette får rett hjelp til rett tid og på rett stad.
- Setja i gang og følgja opp tiltak for det enkelte barnet, for foreldra, skulen og barnehagen. Dette betyr at ein ikkje kan sleppa ei sak før andre har tatt over. ( Stafetthaldar)
- Alle faggrupper i ressursteamet har plikt til å ta initiativ innan sitt fagområde og melda saker til ressursteamet.

- Byggja opp tverrfagleg handlingskompetanse og tverrfageleg ansvar for barn på tvers av faggruppene.
- Bruka tverrfagleg kompetanse for å arbeida systemisk i skule og barnehage.
- Gjera ressursteamet kjent på ein positiv måte i barnehage og skule. Årleg informasjon på foreldremøte. Bruka heimesida til skulen/barnehagen. Det er utarbeidd eigen informasjon til foreldre/føresette.
- **Kompetanseheving.** Medlemmene av ressurstearna skal delta på årlege samlingar for ressursteam.

### Rutinar for ressursteamet.

- **Innkalling:** Sosiallærer /styrar sender ut digital innkalling seinast 1 veke før møtet. Bruk berre initialar på barnet. (ikkje namn) Det må førast på saksnummer og årstal tilsvarende skuleåret/barnehageåret: sak 14/2014/15
- **Møteleiing:** Sosiallærer/styrar har ansvar for møteleiinga og sakshandsaminga.
- **Referat:** Sosiallærer/styrar skriv referat. Referatet skal vera skriftleg. Bruk mal som ligg på heimesida. Skriv berre saksnummer og konklusjon m/oppfølgingsansvar. Referata kan sendast på e- post.
- **Hovudregelen er at foreldre vert kalla inn** og er med på ressursteam møta. Dersom dei ikkje kan møta, må dei gje skriftleg løyve til at barnet deira vert tatt opp på møtet. **Anonyme saker er ikkje ønskjeleg.**
- **Oppstart** av møta må kvar gong ta opp saker frå sist møte og sjå på oppfølging. Kven har stafettpinnen?
- Fagstab set opp møteplan i mai/juni kvart år. **Møta skal prioriterast.**
- **Evaluering.** For å sikra kvalitet i arbeidet, skal det enkelte ressursteam evaluera eige arbeid kvar vår. Bruk kvalitetskrysset. Send kopi av evalueringa til fagstab oppvekst innan utgangen av juni.

Malar til innkalling og referat samt informasjonsflyer til foreldre, finn de på [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)

## **Kommunen er delt inn i ulike ressursteamsområde:**

Skular, barnehagar (kommunale og private) og helsestasjonen er organisert i følgjande ressursteam:

### **Bryne 1**

Bryne skule  
Austbø barnehage  
Spødarbakken barnehage  
Ree barnehage

### **Bryne 2**

Bryne ungdomsskule  
Rosseland skule:  
Trollongane barnehage:  
Nyland barnehage:

### **Bryne 3**

Jærbarnehagen  
Maurtuå barnehage  
Eivindsholen barnehage  
Vestly idrettsbarnehage

### **Bryne 4 NB! Møte 3 gonger årleg i Time rådhus**

Hognestad skule  
Haugland barnehage  
Brynelunden opne barnehage  
Barnehagen i Bryne kyrkje  
Nubben familiebarnehage  
Skulegata barnehage  
Jærtun lutherske skule

### **Frøyland**

Kvernaland barnehage  
Ådalen barnehage  
Frøyland barnehage  
Frøyland skule  
Frøyland ungdomsskule

## **Lye 1**

Lyefjell barnehage  
Monsanut barnehage  
Lye skule  
Lye ungdomsskule

## **Undheim**

Undheim barnehage  
Undheim skule  
Sporvongane barnehage  
Helsestasjonen

## **Kommentarar til organiseringa**

Det vert sett opp møteplan kvart år i juni. Dei som skal representera ressurstema frå barnevern, PPT og helsestasjon må gje melding til skular og barnehagar kven som skal delta i dei ulike ressurstema i juni. Kopi til fagstab.

